MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	**Stord sokneråd**
Tid:	**Torsdag 29.okt 2026 Kl. 17.00 – 19.00**
Møtestad:	**Kyrkjekontoret**
Opning:	**Dag Kol.3.12-17**

Innkalla: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Åslaug L. Nag (3.vara)
Forfall: Magne Andresen, Knut Johannes Gram, Sigrid Beate Eskeland, Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Runar Isdal (2.vara), Njål Rune Sortland (4.vara) og Runar Larsen (vara for Jørgen Knudsen)

SAKLISTE

2026/49 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste **Vedtak:** Godkjent

2026/50 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte **Vedtak:** Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt: Ingen saker

2026/51 - 330 Kyrkjeleg Undervisning og Læring i soknet

Solbjørg tek del i møtet og gir ei orientering om arbeidet i soknet. Soknerådet ønskjer særleg å høyre om moglegheiter og utfordringar i arbeidet, inkludert rekruttering og samarbeid med frivillige i soknet.

Aktuelle tema for samtalen:
- Kva er status og erfaringar frå dei ulike tiltaka/aktivitetane?
- Korleis er deltakinga på ulike årstrinn?
- Korleis organiserarar dei tilsette arbeidet no som ein vert fleire tilsette på jobb?
- Korleis engasjerer / inkluderer vi foreldra til borna som tek del i aktivitetane?

Moment frå samtalen:
- *Solbjørg fortalde frå arbeidet og formidla idear og synspunkt frå dei tilsette innan kyrkjelege undervisning og læring.*
- *Det er ønskje om å få til eit kontinuerleg tiltak for aldersgruppa 8-10/12 år.*
- *Nyleg oppstart av «Her og der». Gledeleg at arbeidet er i gong igjen! Har vore ein litt treig start med lite oppmøte, men sist samling var det 5 ungdommar med. Jobbar med å få ut informasjon om dette, og dei tilsette vurderer å gjere KRIK eller «Her og Der» til ein obligatorisk aktivitet ila konfirmanthausten frå hausten 2027.*
- *Dei tilsette opplever utfordring med dei tilgjengelege lokala. Kyrkjestova Fredheim vert i minste laget når ein samlar 60 konfirmantar, og kyrkja er heller ikkje godt eigna.*
- *Alle dei tre tilsette på plass på jobb no. Arbeider med å finne riktig arbeidsfordeling og -mengde. Elisabeth Moldestad har mest aktivitetar i Stord sokn slik dei er organisert no.*
- *Tiltak som har vore gjennomført av frivillige dei siste åra held fram på same måten.*
- *Dei ser på moglegheiter for å delta på fleire familiegudstenester. Soknerådet drøfta og at det kanskje er verdt å ta opp tema «søndagsskule» igjen i tida framover, ut frå eit ønskje om å få fleire unge til å kome på gudstenestene våre. Eit aktuelt tema for samtale både i stab og råd, vurdere om det er frivillige som er motivert for ei slik teneste?*
- *KUL-utvalet har starta på gjennomgang av lista med frivillige. Totalt 74 namn på lista, fleire ein ikkje har heilt kontroll på kva dei har vore med og når. Behov for ei opprydding og det kan vere ein fin moglegheit å ringe kvar einskild og høyre kven som ønskjer vere med på noko. Vurdere å etablere «reservebenk» med frivillige som kan spørjast ved ekstra behov sjølv om dei ikkje står i fast teneste?*
- *Foreldre vert invitert med i fleire av tiltaka. Babysong og pølsefest gir aktiv involvering gjennom aktivitet saman med borna. Nytt i år at konfirmantforeldre melder seg på til ei teneste ved oppmelding til konfirmasjon. Positivt og samlande for dei som er med!*
- *Soknerådet takkar for tenesta og arbeidet som gjerast!*

Forslag til vedtak: (Ikkje noko vedtak i saka)

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2026/52 - 330 Kyrkjeleg Undervisning og Læring – Plan for 2027

Solbjørg legg fram forslag til aktivitetsplan for Kyrkjeleg Undervisning og Læring i Stord sokn for året 2027. Handsaming og vedtak i soknerådet er eit krav for tildeling av midlar frå bispedømmet frå og med 2027. Aktivitetsplanen er tilgjengeleg i Kyrkja Vår, og vert sendt ut som sakspapir og vidare presentert i møtet (årshjul og skildring av aktivitetane).

Forslag til vedtak:
Soknerådet vedtek aktivitetsplanen for KUL som framlagd.

2026/53 - 217 Frivillegprisen 2026

Sunnhordland prostiråd har bede om innspel på kandidatar til frivillegprisen for året 2026. Frist for nominasjonar er 4.november 2026. Soknerådet inviterast til å løfte fram Sokneråda lokale kandidatar (med grunngjeving).

Soknerådet drøfta kandidatar og vart einige om eit framlegg som vert sendt til Kirsti.

2026/54 - 112 Budsjett 2027

Stord sokneråd skal vedta budsjett for soknerådet sin aktivitet i 2027. Sjå framlegg med informasjon og forslag til budsjett. Det vert opna for drøftingar i møte om innretninga på inntekter (i praksis: Kor mange takkoffer skal gå til eige arbeid og til eksterne føremål) og korleis ein prioriterer pengebruken for eigne midlar.

Moment frå samtalen:

- *Spørsmål om det er satt av penger til medarbeiderfest? Nei, difor ønskjer soknerådet auke posten til servering.*
- *Spørsmål om prosjektet med maling av benkene er tatt med? Maling vert betalt av fellesrådet, men servering dekkjast av soknerådet. (Igjen, posten med servering...)*
- *Ung Kyrkje i Sunnhordland (18-30 prosjektet) har fått midlar frå Bjørgvin Kyrkjefond, men er ikkje fullfinansiert i 2027 og 2028. Prost Arild Steinsland har spurt sokneråda om å bidra med inntil 25 000kr årleg. Soknerådet sa ja til å leggja inn denne posten, og legg opp til at 4 takkoffer får dette som føremål.*
- *Spørsmål om evt midlar til supplerande kjøp av salmebøker? Einige om å ta opp dette behovet med fellesrådet i første omgang, ikkje satt av pengar i 2027 i soknerådet.*

Forslag til vedtak:
Soknerådet vedtek budsjett for 2027 som framlagd med følgande endringar:

- Kostnadsposten for servering (11202) vert auka frå 12 000kr til 15 000kr
- Legg inn 25 000kr for 1830-prosjektet i post 11106 (Borne- og ungdomsarbeid)
- Budsjettert mindreforbruk vert redusert frå 54 100kr til 26 100kr.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Orientering frå fellesrådet v/Dag
2. ~~Løypemelding vedr. arbeid med dugnads-maling av benker (v/Sigrid)~~
3. Orientering vedr. misjonsprosjektet på Cuba (Anders)
4. Informasjon om tildelte midler frå Bjørgvin kyrkjefond til 18-30 prosjektet.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 28.sept
2. Julestallen 2026
3. Referat, Diakoniutval 15.okt
4. Referat, KUL utval 15.okt

Anders Dahl
soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent